

Fra: Lillebø, Jan M. <Jan.Lillebo@bt.no>
Sendt: 28. september 2014 21:49
Til: Postmottak Meland
Kopi: Kristin Nåmdal
Emne: Kommuneplanen
Vedlegg: Kommune planen 2006.JPG; Forlag til ny kommuneplan.jpg; Skriv frå Rasmus skurtveit.pdf

ANGÅANDE KOMMUNEPLAN 2014 – 2025. ROSSLAND / Vikebø.

I samband med kommuneplanen vil vi kome med innspel ang. eigedomen vår på Vikebø, gnr 45 bnr 16.

Innspelet vårt er i hovedsak likt det som vi kom med til forrige reguleringsplan i 2006. Då vart det teke omsyn til, og var med i planen som seinere vart skrinlagt. (Sjå vedlegg 2).

Vi ønskjer at områda som vi har merka 1 og 2 på vedlagte kart, vert regulert til boligformål og at område 3 vert hytteområde. (sjå vedlegg 1) Vi er klar over at heile eigedomen ligg i strandsona, men som terrengkartet syner er tilkomsten til sjøen svært bratt, og det er vanskeleg tilgjengeleg. Det er difor lite attraktivt til fritidsbruk for ålmenta. Litt opp frå sjøen kan det likevel bli attraktive tomter, med fin utsikt og gode solforhold.

Vi ønskjer å legge til rette for at nye generasjonar skal kunne halde ved like, og gjere seg nytte av den store eigedomen.

Ved å regulere deler av eigedomen til bustadområde, ser vi for oss at fleire kan få glede av den fine plassen, og at det kan gi midler til å halde bygningane fint ved like.

Det gamle hovedhuset vårt ligg høgt og fritt, og er synleg frå ein stor del av Vikebø. Etter kvart som det treng restaurering, gjer vi dette i den opprinnelege stilen.

Hovedhuset står på området som er merka 3. Det var tidlegare heilårsbustad, men vert no nytta som fritidsbustad på sommeren. Videre er det eit vedhus og ei løe. Løa har ikkje lenger nokon funksjon, men den er ein naturleg og fin del av tunet, og vi vil derfor gjerne bevare bygningen. Ved å regulere dette området til fritidsbustad, ser vi for oss at løa kan byggast om, og gjere nytte som hytte for seinere generasjonar.

På området merka 1, er tanken at det ein gong kan bli ein familiebustad. Her er det stupbratt og heilt utilgjengeleg ned til sjøen.

(Dette skrivet er ei bearbeida utgåve av mail av 13.9 i år. , og kan såleis erstatte den. Etter ein samtale med Niels T. Granum har vi gjort nokre presiseringar og endringar.)

Vedlegg:

1. Kart av området med våre forslag innteikna.
2. Kart laga i samband med kommuneplanen 2006
3. Skriv frå Rasmus Skurtveit i samband med kommuneplanen 2006

Med helsing

Sissel Skurtveit Lillebø

Ulvhøyen 38
5134 Flaktveit